

ÅRSRAPPORT FRÅ FYLKESHOVUDVERNEOMBODET

2015-2016

Då det nærmar seg slutten for meg som FHVO, vil denne årsrapporten òg ha ei oppsummering for fyrste halvår 2016. Samtidig vil rapporten sei noko om kva eg synes er viktig for å ivareta eit godt arbeidsmiljø.

Året 2015 starta med samling for HVO på Skei i februar, ein dag. Det var kjekt å treffa so mange HVO og bli kjent. Samlinga var arrangert i samarbeid med personalavdelinga og føredragshaldarane var representantar for eksterne samarbeidspartar som NAV, BHT og Arbeidstilsynet. I tillegg var Ole Inge Gjerald med og orienterte om SFJ2019. I november vart det arrangert HVO-dagar med ei overnatting på Skei Hotel. Også denne samlinga hadde tema der det var med eksterne føredragshaldarar og Arvid Stenehjem var med frå personalavdelinga. Det var òg rom for å diskutera tema som vart tekne opp av deltakarane. Sogndal vgs og Måløy vgs held føredrag om kjemikalihandtering. BHT snakka om yrkeshygiene, psykososialt arbeidsmiljø og konflikthandtering. SFJ2019 var eit naturleg tema og Rolf Årdal kom for å snakka om dette og svara på spørsmål. Denne to-dagars HVO-samling bør halda fram for å halda oppe nettverket av verneombod, for å kunne diskutere aktuelle tema og ha det sosialt, og for å kunne treffe og bli kjent dei eksterne samarbeidspartane vi har i fylkeskommunen.

Arbeidsoppgåver for FHVO har vore å bli kjent ute på arbeidsplassane. Eg har vore invitert med på vernerundar i tannhelsetenesta og det har vore ein god måte å bli kjent med arbeidsstadane, og med dei som jobbar der. Eg har òg vore på besøk på nokre skular, og vart invitert på Sogndal vgs sin HMS-dag. HMS-dag er noko eg kan anbefala alle skular og andre til å laga til for å ha spesielt fokus på ulike HMS-tema ein dag der alle tilsette er med. Det vert mykje reising rundt i fylket i periodar, men det å vera ute på arbeidsstadane og gjera seg kjent og bli kjent med folk, er ei stor fordel i arbeidet som FHVO. Det er nyttig å vite noko om korleis det er på arbeidsplassane, kva som er bra og kva som er utfordrande. Men det viktigaste er kontakten med menneska som jobbar der slik at det er lett å ta kontakt for spørsmål, bekymringar eller avvik.

I mai var det samling for alle landets FHVO (FIN) på Hamar. Denne samlinga vert arrangert kvart år og denne gongen var det Hedmark fylke som hadde regien for FHVO-samlinga. Faglege økter, omvising og sosialt samvær, lærerikt og kjekt. Tema som vart diskutert på samlinga var ressurs for FHVO, risikovurdering av utagerande elevar, kommunereforma, utforming av bygg og universell utforming, AKAN og rusførebygging, årsrapportar og val av



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

FIN-styre. I tillegg var vi på omvising på Hamar Katedralskule for å sjå på bygga og sjå korleis dei jobba med HMS med elevar. I mai 2016 er samlinga i Oslo. Om det nye FHVO er valt, so

håpar eg at det er mogeleg for det nye FHVO å delta på den samlinga. Nettverket med dei andre FHVO er nyttig for å dela erfaringar og få/gje innspel på ulike saker og tema.

Det har vore arrangert 40timars HMS-kurs som FHVO har delteke på. På grunn av sjukdom fekk eg diverre ikkje fullført kurset. Det er òg fleire arbeidsoppgåver som har blitt satt på vent, men desse oppgåvene vert det jobba med framover og sendt vidare til det neste FHVO. 40 timars-kurset er ein flott arena for verneombod, leiarar og andre til å reflektera over arbeidsmiljøspørsmål saman.

Det som no skal på plass er plakatar med namn på VO-HVO og LAMU-medlemmar slika at det skal bli lett tilgjengelege for dei tilsette på kvar arbeidsstad. Dette håpar vi å få på plass so snart som råd då det er heimla i Arbeidsmiljølova. Dette er viktig og nyttig informasjon for alle tilsette slik at terskelen for ta kontakt med vernetenesta skal bli so låg som mogeleg. FHVO har fått eigen roll-up som vert med rundt der FHVO er til stades. Roll-upen og plakatane for VO-HVO og LAMU-medlemmane har same lay-out slik at det er tydeleg samanheng og lett å kjenna att. Siw Heidi Bäckstrøm og FHVO jobbar vidare med dette.

Det som er mi største bekymring som FHVO er at det tek lang tid før saker som gjeld det psykososiale arbeidsmiljøet vert teke tak i, handterte/løyste. Mi oppfordring vert difor å gå inn i sakene tidlegare, gjerne bekymra seg før det er blitt ei sak, og ta kontakt med eksterne samarbeidspartar på eit tidlegare tidspunkt. Og FHVO kan med fordel vera meir med når det gjeld arbeidsmiljøundersøkinga.

Til slutt takkar eg for meg som FHVO og ynskjer nytt FHVO velkommen. Det har vore ei interessant tid, spennande og lærerike oppgåver, og mange flotte folk å samarbeida med. Takk for godt samarbeid alle saman! Og lukke til vidare med arbeidet for eit godt arbeidsmiljø, fysisk og psykisk!

Anne Kari Hagen
Fylkeshovudverneombod
Sogn og Fjordane fylkeskommune

